



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeshuset
Askedalen 2
6863 Leikanger

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/5498-8

30.8.2017

"Fylkesdelplan for arealbruk – Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter" – Vedtak på grunnlag av innvending frå Statens vegvesen

Eg viser til brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune av 7. februar 2017 og møte i Kommunal- og moderniseringsdepartementet 8. mai i år.

"Fylkesdelplan for arealbruk – Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter" vart handsama av fylkestinget i Sogn og Fjordane 6. desember 2016 etter to høyringar. Statens vegvesen har innvending til ei av planføresegnene, og har difor bede fylkeskommunen sende saka til departementet for endeleg avgjerd.

Departementet har handsama innvendinga og gjort følgjande vedtak:

Statens vegvesens innvending blir ikkje tatt til følge. Andre avsnitt i føresegnenes punkt 3.4 vert ståande.

Plan- og bygningslovas føresegner

Etter plan- og bygningslovas § 8-4, 2. ledd kan statleg organ av omsyn til nasjonale eller statlege interesser på deira ansvarsområde, krevje at planen vert endeleg avgjort av departementet. Departementet kan då gjere dei endringar som ein finn naudsynt, etter at fylkeskommunen har hatt høve til å uttale seg. Endringar kan berre gjerast i dei deler av planen som det er gjort innvending til. Resten av planen er endeleg vedteke av fylkestinget.

Innvending frå Statens vegvesen

Statens vegvesen (SVV) meiner at det er i strid med nasjonale føresegner at planen opnar for etablering av handelspark på Brulandsvellingene i Førde kommune. Ingen andre statlege eller regionale instansar har innvending til planen.

Fylkesdelplan for arealbruk i Sogn og Fjordane

Den regionale planen vart vedteken 18. oktober 2000. Planen inneheld retningslinjer som er samla i ei eiga sjekkliste, med retningslinjer mellom anna for etablering av kjøpesentra (kapittel 3.2.4). Planprogram for rullering av fylkesdelplan for arealbruk i Sogn og Fjordane vart vedteken 12. oktober 2015.

Nye regionale planføresegner om lokalisering av handel og kjøpesentra har blitt utarbeidd og konsekvensutgreidd. Fylkesutvalet sende planføresegnene på høyring 22. juni 2016. Det kom inn 16 høyringsinnspel. Statens vegvesen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Førde kommune hadde då innvending til planføresegnene. Dei to første var retta mot å opna for utviding av eit sentrumsområde på Brulandsvollene i Førde kommune. Førde kommune ønskte eit større område for handel på Brulandsvollene enn det som var avsett på plankartet i gjeldande arealdel til kommuneplanen. Denne innvendinga vart avklart før endeleg handsaming i fylkestinget. Fylkesmannen hadde hatt motsegn til denne utvidinga ved eit tidlegare høve.

Planføresegnene vart endra og sendt ut på andre gongs høyring, og fylkestinget fatta fylgjande vedtak 6. desember 2016:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 8-3, og forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre (FOR-2008-06-27-742), vert «Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra» vedteken. Planføresegna erstattar kap. 3.2.4 i gjeldande sjekkliste i fylkesdelplan for arealbruk, vedteken 18.11.2000.

Fylkestinget syner til at Fylkesdelplan for arealbruk (no regional plan) skal reviderast i 2018. Fylkestinget føreset at føresegna blir revidert på nytt i samband med dette, særleg med omsyn til ikkje å vere til hinder for større handelsetableringar i sentrumsområda også i andre tettstader enn Førde, Florø og Sogndal.

Etter andre gongs høyring har den regionale planføresegna fylgjande ordlyd i dei to første avsnitta i kapittel 3.4 "Særskilt om kjøpesenter":

I byane/tettstadane Førde, Florø og Sogndal kan det etablerast «større kjøpesenter» i sentrumsområda.

I tillegg kan det i Førde, som er definert som fylkessenter, etablerast handelspark ved Brulandsvollene utanfor område avsett til sentrumsområde, men då innanfor det området som er avsett i gjeldande arealdel (plankart), og definert ut frå i pkt. 2.2.3 og p. 4.1.1, underpunkt 3) i føresegner og retningslinjer i kommuneplan til Førde (2015). Omgrepet handelspark vert her definert som i føresegnene i kommuneplanen.

Statens vegvesen hadde innvending til det andre avsnittet og peikar på at:

Pkt. 3.4 andre avsnitt er i strid med «Forskrift om rikspolitiske bestemmelser for kjøpesentre». Avsnittet er heller ikkje i samsvar med føremålet til føresegna i pkt. 3.1. Avsnittet er og i utakt med nasjonale og regionale mål som t.d. Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging, Klimaforliket, Nasjonal transportplan, Fylkesdelplan Arealbruk, Regional klimaplan og Regional plan for folkehelse. Punktet er heller ikkje

i samsvar med resultat av handelsanalysen og konsekvensvurderinga. Avsnittet er òg i strid med lokale mål, t.d. Førdepakka som m.a. skal gi god sentrumsutvikling og meir konsentrert arealbruk.

Fylkesmannen rår fylkeskommunen til å ta det andre avsnittet ut av føresegnene fordi det ikkje stemmer med nasjonale og regionale føringar innan klima- og miljøsyn, men har ikkje innvending. Fylkesmannen peikar på at:

Handelsanalysen og konsekvensvurderinga viser at etablering av handelspark på Brulandsvollene ikkje er i samsvar med behovet og den potensielle marknaden for handel i regionen. Ei etablering vil truleg kunne ha store negative konsekvensar for utviklinga av Førde sentrum, og ha negativ innverknad på nærliggande handelsstadar som t.d. Florø.

Fylkesrådmannen har i si innstilling til fylkestinget følgjande merknad:

Fylkesrådmannen har ved første gongs utlegging av saka (jf. FT-sak 66/2016) gjeve sitt syn i saka. Fråsegnene til Statens vegvesen og Fylkesmannen støttar òg opp under dette. Med bakgrunn i tidlegare handsaming av saka forstår vi det likevel slik at FU ønskjer at området Brulandsvollene skal vere innarbeidd i føresegna.

Samferdselsdepartementets vurderingar

Fordi det er Statens vegvesen som har hatt innvending til planføresegnene, har Kommunal- og moderniseringsdepartementet bedt om Samferdselsdepartementet (SD) si uttale. SD uttalar følgjande:

Samferdselsdepartementet legger til grunn at kommunen har gjort gode og bevisste vurderingar om hvordan de best kan utvikle Førde, alle forhold tatt i betraktning. Kommunen har også blitt gjort tilstrekkelig bevisst på mulige fordeler og ulemper av sine beslutninger. Departementet ser det som positivt at Vegvesenet er engasjert i oppfølgingen av Førde som sykkelby og tiltak i sentrum gjennom "Førdepakken" m.v. Dersom Førde kommune etter den ekstra omfattende behandlingen fylkesdelplanen nå har fått, fortsatt mener planen er fornuftig så vil ikke Samferdselsdepartementet motsette seg dette.

Samferdselsdepartementet finner det således ikke påkrevet å opprettholde Statens vegvesens vesentlige innvending til "Fylkesdelplan for arealbruk – Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter", som ble vedtatt av fylkestinget i Sogn og Fjordane 6.desember 2016.

Kommunal- og moderniseringsdepartementets vurderingar

Departementet syner til møte 8.mai i år, der Statens vegvesen gjorde greie for innvendinga si til den regionale planføresegna, og der fylkeskommunen gjorde greie for vedtaket som fylkestinget har gjort.

Departementet har registrert dei faglege råda som fylkeskommunen har fått i denne saka, mellom anna frå Statens vegvesen og fylkesmannen, som begge meiner at ei utviding av området for handel på Brulandsvollene vil kunne svekke handelen i Førde sentrum.

Plan- og bygningslova seier at "Regional planmyndighet kan fastsette regional planbestemmelse knyttet til retningslinjer for arealbruk i en regional plan som skal ivareta nasjonale eller regionale hensyn og interesser" (§ 8-5, 1.ledd). Departementet meiner i utgangspunktet at det beste hadde vore å vente med å utarbeide føresegner for eit tema før sjølv planen er utarbeidd, ein planprosess som skal starte i 2018. Då ville ein i planarbeidet betre kunne sjå utviklinga av alle tettstadene i Sogn og Fjordane i samanheng.

Samstundes meiner departementet at det bør leggjast stor vekt på dei løysingar som både Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har kome fram til når det gjeld utviklinga av Førde kommune og vidare utbygging på Brulandsvollene. Departementet legg vekt på at det ikkje er eit nytt handelsområde som skal etablerast, men at det er ei utviding av eit område der det allereie er handelsverksemd. Departementet syner óg til at fylkesmannen ikkje har hatt innvending til saka. Samferdselsdepartementet gir heller ikkje støtte til vegvesenet si innvending.

Departementet har difor konkludert med at vegvesenets innvending ikkje blir tatt til følgje.

Vedtak

I medhald av § 8-4, andre ledd i plan- og bygningslova av 27. juni 2008, vedtek Kommunal- og moderniseringsdepartementet at innvendinga frå Statens vegvesen til "Fylkesdelplan for arealbruk – Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter" handsama av fylkestinget i Sogn og Fjordane 6.desember 2016, ikkje tas til følgje. Andre avsnittet i føresegnene punkt 3.4 vert difor ståande i planføresegnene.

Departementets vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast.

Med helsing

Jan Tore Sanner

Kopi

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Samferdselsdepartementet
Statens vegvesen Region vest